



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Arild Spissøy, 5557 2198

Vår dato
28.11.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/11869 520
Dykkar referanse

Landbruks- og matdepartementet

Uttale - forslag til ny forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket

Vi viser til høyringsbrevet: *Forslag til ny forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling landbruket*, sendt ut av Landbruks- og matdepartementet 1.oktober d.å. med høyringsfrist 28.november 2014. Fylkesmannen i Hordaland gjer med dette nokre innspel til forslaget.

Fylkesmannen i Hordaland meiner at det kan understrekast i enkeltparagrafane, ikkje berre i formålparagrafen at midlane skal gå til lønnsame tiltak. At tiltaket skal gje eit auka overskott for bedrifta/føretaket. Eventuelt at dette presiserast ytterlegare i formålet. Slik det no står er det noko vagt. «Lønnsom verdiskaping» kan tolkast på fleire måtar, avhengig av kva ein legg til grunn for verdiskaping – verdier i kulturlandskapet, verdier i å ta vare på tradisjonar, osb. Det kan eksempelvis presiserast at dette er til tiltak som skal auka føretakets overskott.

Fylkesmannen i Hordaland meiner at forskrifta, om mogleg, kunne vise til andre regionale utviklingsmidlar, som t.d. Fylkesmannen sine tiltaksmidlar innanfor næringsutvikling, miljø/klima og skog – UTM-midlar, og få fram samanhengen mellom desse. Dette vil og vere rettleiande for føretak som leitar etter støtteordningar, men som fell utanfor denne ordninga, men innanfor andre.

Det kan gjerast tydelegare at midlane skal forvaltast ut frå regionale strategiar.

Tilbakemelding på enkeltparagrafar:

§ 2. Tiltaksområder

Pkt. b) Vi meiner omgrepet «bygdenæring» er vanskeleg. Det er lite avgrensande – kva er ikkje innanfor? Kva er motsetnaden? –bynæring?

Vi ønsker å endre «bygdenæringar» til «næringar».

§ 3. Tiltaksgrupper og tilskotsnivå

Kravet om at tiltaket ikkje skal vere byrja vil i nokre tilfelle vere gjenstand for tolking slik vi ser det.

Kva med byrja, men avslutta tiltak? – altså om ein gjekk i gang med grunnarbeid for fem år sidan, men så stoppa det opp (av ulike grunnar), og no vil ein gjennomføre/ferdigstille tiltaket

– om ein får støtte. Altså, om det kan gis støtte til ferdigstilling av tiltak? (Tiltak som ikkje vil verte ferdigstilt utan støtte).

Vi meiner at IN her må kunne vurdere definisjonen av «påbegynt» (byrja).

§ 5. *Administrasjon, dispensasjon og klage*

Vi meiner at det bør framkomme at Innovasjon Norge forvaltar tilskota ut frå regionale strategiar og føringar. Ut frå eit ønske om regional forankring, konsistens og legitimitet. UTM og andre midlar må virke saman og det må vere konsistens mellom ordningane. Det bør presiserast at alle er forankra i regionalt næringsprogram og at denne ordninga verkar i samsvar med andre ordningar.

§ 6. *Opplysningsplikt og kontroll*

Vi meiner at kontrollen med ordninga bør verte styrka. Vi foreslår å endre «Innovasjon Norge *kan* foreta stedlig kontroll hos tilskuddsmottakeren» til «Innovasjon Norge *bør* foreta stedlig kontroll ...».

Eventuelt kan ein skrive «skal» og skrive at IN *skal* foreta stadleg kontroll hos eit utval av mottakarane, eksempelvis innan 3 år etter løyving, hos minimum 10 prosent av tiltaksmottakarane.

§ 7. *Krav om tilbakebetaling*

Vi foreslår å endre dette frå ein *kan* ordning til en *skal* ordning. At ein skal betale tilbake, heilt eller delvis, dersom det er gitt feile opplysningar eller der det er brot på vilkåra for ordninga. Når det gjeld tilbakebetaling av eventuelle renter (kapitalkostnader) foreslår vi å behalde *kan*. (det kan vere litt komplisert og unødvendig i nokre tilfelle). I og med at det er lagt på *heilt eller delvis*, meiner vi at det bør vere eit krav om tilbakebetaling.

«Kan» i kombinasjon med «heilt eller delvis», vil kunne føre til ein praksis med ingen tilbakebetaling.

Med helsing

Åse Vaag
Landbruksdirektør

Arild Spissøy
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.